

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

Møte/utvalg: Partnerskapsmøte
Møteleder: Per Sverre Ersvik
Referent: Bodil Haugen Våge
Møtenummer: 2/2021
Dato: 17.11.21
Tidspunkt: 10.00 – 15.30
Sted: Vestnes Fjordhotell
Varamedlem møter bare ved særskilt innkalling.

FORFALL:

Elisabeth Siebke – ingen vara
 Torstein Hole – ingen vara
 Eva Vinje Aurdal – møter Siv Kathrin Ulla
 Ingeborg Johnsrud Dyrnes – møter Ingrid Rangønes
 Stian Endresen – møter Thilde Svella

Namn	Tittel	Møtt
Helse Møre og Romsdal		
Ingve Theodorsen	Styreleder, styret for HMR	ja
Lodve Solholm	Nestleder, styret for HMR	ja
Øyvind Bakke	Adm. Direktør HMR	ja
May-Helen Molvær Grimstad	Kommunikasjons – og samhandlingsdirektør	ja
Torstein Hole	Fagdirektør, Fagavdelinga HMR	forfall
Ståle Hoff	Klinikksjef, Klinikk for psykisk helse og rus	ja
Lars Erik Sjømæling	Klinikksjef, Klinikk for prehospitale tjenester	ja
Jorun Bøyum	Klinikksjef, Klinikk for kreft og rehabilitering	ja
Georg Nikolai Johnsen	Klinikksjef, Nye Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)	
Palma Hånes	Klinikksjef, Klinikk Volda sjukehus	ja
Elisabeth Siebke	Klinikksjef, Klinikk Ålesund sjukehus	forfall
Britt Rakvåg Roald	HR direktør	ja
Stian Endresen	Leder praksiskonsulentordningen HMR, fastlege Ulstein kommune	forfall
Nordmøre interkommunale politiske råd (NIPR)		
Kjell Neergaard	Ordfører Kristiansund kommune, leder NIPR	ja
Berit Irene Hannasvik,	Kommunedirektør i Averøy kommune, leder kommunedirektørutvalget	ja
(Ingeborg Johnsrud Dyrnes) Ingrid Rangønes møter	Kommunalsjef helse, Smøla kommune	ja
Romsdal interkommunale politiske råd (tidl. ROR)		
Torgeir Dahl	Ordfører Molde kommune, leder ROR	ja
Per Sverre Ersvik	Kommunaldirektør Hustadvika kommune	ja
Jan Erik Hovdenak	Kommunalsjef Aukra kommune	ja
Sunnmøre regionråd Søre		
Sølvi Dimmen	Ordfører Volda kommune	ja
Verner Larsen	Kommunedirektør Ulstein kommune	ja

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

Svein Berg-Rusten	Kommunalsjef/kommuneoverlege Volda kommune	ja
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre fra 1.1.22	forfall
Sunnmøre regionråd Nordre		
(Eva Vinje Aurdal) Siv Kathrin Ulla møter	Ordfører i Ålesund kommune	ja
Geir Ove Vegsund	Kommunedirektør Sykkylven kommune	ja
Kjetil Fylling	Kommunalsjef Sula kommune	ja
Brukerrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeningen)	ja
Brukerrepresentant helseforetak		
Paula Næss Skår	Leder Brukerutvalget HMR	ja
Faste observatører		
Mona Ryste	Leder Strategisk samarbeidsutvalg, rådgjevar Klinikk Volda	ja
Tanja Thalen	Nestleder Strategisk samarbeidsutvalg, kommunalsjef Molde kommune	Forfall
Fast vara fastleger/PK		
Thilde Sveta	Praksiskonsulent, fastlege	ja
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leder Felles samarbeidssekretariat	ja
Alf Reistad	Romsdal Regionråd daglig leder (ROR), nestleder Felles samarbeidssekretariat	ja
Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	ja
Bodil Haugen Våge	Nordre Sunnmøre Rådgiver Ålesund kommune, felles samhandlingsressurs Nordre Sunnmøre	ja
Oddvar Marøy	Søre Sunnmøre Stabsleiar tildeling og koordinering Ørsta kommune, foreløpig felles samhandlingsressurs Søre Sunnmøre	forfall
Stian Endresen	Leder praksiskonsulentordningen, fastlege Ulstein kommune	forfall
Britt Valderhaug Tyrholm	Spesialrådgiver, samhandlingsseksjonen HMR	ja
Alf Reistad	Romsdal Regionråd daglig leder (ROR), nestleder Felles samarbeidssekretariat	ja
Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	ja

Saksliste med Referat:

Sak nr.	Sak	Aksjon/vedtak	Ansvarlig
5/21	Velkommen ved styreleder HMR Godkjenning av innkallinga	Referat: Godkjend	Per Sverre Ersvik

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

	Saker til eventuelt		
6/21	Godkjenning av referat fra forrige møte 20.10.21	Referat: Godkjend	Per Sverre Ersvik
7/21	Formål og oppgaver i Helsefelleskap M&R	<p>Gjennomgang og forståelse av oppgaver på nivå 1 og 2 i helsefelleskapet – (ref. samarbeidsavtalen)</p> <p>Referat: Samhandlingssjef i HMR og leiar for Samarbeidssekretariatet, Eli Otterlei, går gjennom strukturen i Helsefelleskapet og syner med dette til Samarbeidsavtalen som det er gjort vedtak på i alle kommunestyre i fylket og i styret i helseføretaket - vedlagt PP. Det vert vidare informert om at ROR har gjort seg nokre refleksjonar knytt til oppgåvene i strukturen og det synest å vere behov for å arbeide meir med ei felles forståing for oppgåvene knytt til dei ulike nivåa i Helsefelleskapet. Strukturen er omfattande og ein ynskjer å lukkast med arbeidet.</p> <p>Vedtak: Partnerskapsmøtet gir Strategisk samarbeidsutvalg i oppdrag å konkretisere og tydeliggjøre oppgavene til de ulike nivåene i helsefelleskapet med utgangspunkt i den godkjente samarbeidsavtalen mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal. Arbeidet skal sikre en felles forståelse av oppgavene med siktemål om et velfungerende Helsefelleskap som gir verdi for brukerne/pasientene, partnerne, utvalgene og fastlegene. Presisering av oppgavene skal legges frem for Partnerskapsmøtet til godkjenning, men utan ny revisjon av selve samarbeidsavtalen.</p>	Per Sverre Ersvik, May Helen M. Grimstad
8/21	Møteplan 2022 - Partnerskapsmøte	<p>Tentative datoer 11.mai 2022, 26.oktober 2022(evt. inkl. Utvidet partnerskapsmøte?)</p> <p>Referat: Vedtak: 11. mai og 26. oktober</p>	Eli Otterlei
9/21	Innspill til Nasjonal helse- og sjukehusplan	<p>Helse- og omsorgsdep. har invitert helsefelleskapene til å komme med innspill til Nasjonal helse- og sykehusplan 2024-2027.</p> <p>Referat: Gjennomgang spørsmål som skal høyrast i Helsefelleskapet – vedlagd presentasjon.</p> <p>Vedtak: Partnerskapsmøtet i Helsefelleskap Møre og Romsdal gir Strategisk samarbeidsutvalg i oppgave å sikre lokal forankring og involvering i arbeidet med innspill til Nasjonal helse- og sykehusplan 2024-2027.</p>	Eli Otterlei



Referat

		<p>Strategisk samarbeidsutvalg sender helsefelleskapets egne tilbakemeldinger, samt innspel basert på spørsmål i invitasjonen frå Helse og omsorgsdepartementet innan fristen 1.april 2022.</p> <p>Det skal i hovudsak sendes inn felles innspill fra Helsefelleskap M&R, men lokale innspill kan inkluderes.</p>	
10/2 1	Utfordringer og muligheter i Helse Møre og Romsdal	<p>Status og utviklingsretning HMR</p> <p>Referat:</p> <p>Omgrepet “det utadvendte sjukehus” skal få større plass i arbeidsprosessane og bidra til auka produktivitet. I løpet av dei neste 10 år vil ein få ein vekst på 70% når det gjeld innbyggjarar over 67 år. Dette vil utfordre spesialisthelsetenestane over heile fylket. Ein prøver å vere edruelege ift leiarrøller, men har no avgjort at ein vil lyse ut ei direktørstilling knytt til teknologi og digitalisering. Dette fordi digitale arbeidsformer, som til dømes digitale konsultasjonar, og teknologi får større plass i arbeidsprosessane i sjukehusa.</p> <p>Ein håper også på at Helseplattforma vil kunne bidra til auka produktivitet og styrkje samhandlinga. Det vert kontinuerleg arbeida med omstilling i helseføretaket - eit godt eksempel er Aure Rehabiliteringssenter.</p> <p>Fellessjukehuset på Hjelset har god framdrift. Kristiansund sjukehus vil også etter at fellessjukehuset på Hjelset er sett i drift, ha dagkirurgi og dagmedisinsk behandling. I tillegg arbeider ein med å oppretthalde eit dagpsykiatrisk tilbod i Kristiansund.</p> <p>I tillegg vil ein få på plass ein ny MR på nordsida.</p> <p>Ei av hovudutfordringane er rekruttering av fagfolk:</p> <p>Geografi og demografi er faktorar som spelar inn både ift rekruttering og ift bemanning og vaktordningar som kan bli mindre gunstige enn i meir befolkningstette område.</p> <p>Det er spesielt utfordrande å rekruttere psykiatarar og gynekologar. Ein må utdanne sine egne fagfolk. Erfaringar syner at gode fagmiljø er sjølvrekrutterande og reduserer turnover.</p> <p>Det blir viktig å sjå på arbeidsprosessar og oppgåver knytt til oppgåvegliding.</p> <p>Helseføretaket har jobba ein del med t.d. omdøme, søknadsprosessar(svar/ avslag).</p> <p>Erfaringar syner at gode fagmiljø er sjølvrekrutterande og reduserer turnover.</p>	Øyvind Bakke

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

		Det er viktig å sjå på arbeidsprosessar og oppgåver knytt til oppgåvegliding.	
11/2 1	Utviklingsplan Helse Møre & Romsdal.	Orientering og informasjon før formell høring av utviklingsplanen (mars 2022). Referat: Vedlagt presentasjon	Øyvind Bakke
12/2 1	Utfordringer og muligheter i kommunehelsetjenesten	Status og utviklingsretning kommunehelsetjenesten Referat: Rådmann i Ulsteinvik – Verner Larsen: Innlegg - vedlagt presentasjon. - Nokre punkt frå rådmannen i Hustadvika - Per Sverre Ersvik: Har studert KOSTRA tala og samanlikna Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Tala syner stor forskjell på kva ein brukar på helse og omsorg i dei to fylka. Møre og Romsdal 4 siste år ligg gjennomsnittleg kr. 4700 pr innbyggjar over Sør-Trøndelag. Folkehelseprofilen syner ikkje vesentlege forskjellar. Det kan vere relevant å stille seg spørsmål knytt til desse tala og gå litt bak for å sjå på kva som utløyer dette. Handlar det om innbyggjarane, kommunane eller også helseføretaket? Dette bør også sjåast i lys av at Staten ofte forventar at kommunane snur seg relativt fort, eksempelvis ser ein at andelen barn og unge går ned i enkelte kommunar medan andelen eldre aukar. Dette er krevjande ift administrasjon og politikk.	Per Sverre Ersvik m.fl
13/2 1	Dialog/samtale om forventninger og suksesskriterier til resultat i Helsefelleskap M&R	Dialog/samtale og spørsmål. Referat: Nokre innspel: Den nye samarbeidsstrukturen er omfattande. KS har vore ei drivkraft i etablering av strukturen i lag med Helsedirektoratet. Målet har vore i styrkje kommunane si rolle i samarbeidsstrukturen.	
14/2 1	Kompetanse og rekruttering	Felles utfordringer helseforetak og kommuner: Hvordan jobbe med å sikre kompetanse og rekruttere helsepersonell til Møre og Romsdal Referat: Nokre av innspela: Innspela i Øyvind Bakke sitt innlegg når det gjeld utfordringar og muligheter i helseføretaket når det gjeld rekruttering er like aktuelle her. Talet på legar og sjukepleiarar pr 1000 innbyggjarar i Norge er på det høgste i Europa. Eigarskap til løysingar krev eigarskap til analysen. Viktig å sjå seg omkring i staden for å sjå seg i spegelen. KS har eit rekrutteringsprosjekt som ein kan lære av - "jobbvinnarar".	Innledere: helseforetaket og kommunale representanter

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

		<p>Det føregår ulike samarbeid mellom Ålesund kommune som universitetskommune og NTNU, men inkluderer også andre kommunar på Sunnmøre. Noko av satsinga her er fokus på rettleiingskompetanse for sjukepleiestudentar i praksisstudiar.</p> <p>ROR arbeider spesielt med - Økt antall uteksaminerte sjuke- og vernepleiarar ved HiMolde.</p> <p>Utviklingscenteret for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) arbeider med kompetanseheving i kommunane i fylket, spesielt ift til systematisk kvalitetsarbeid og akutt forverring.</p> <p>Rekruttering er ei felles utfordring for kommunar og helseføretak.</p> <p>Etter innspel og dialog vart det gjort følgande vedtak.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Arbeidet med å sikre og behalde helsepersonell med god og riktig kompetanse skal ha høgt fokus i Helsefelleskap Møre og Romsdal framover.</p> <p>Helsefelleskapet skal samarbeide med utdanningsinstitusjonar for å utdanne helsepersonell, sikre praksisplassar og rekruttere helsepersonell til Møre og Romsdal.</p>	
15/2 1	Eventuelt	Referat: Ingen saker	Per Sverre Ersvik